



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4149 - 17/23291

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2017

Løyve til endra plassering av seksmannsbustad - gbnr 137/188 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 378/17

Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve til oppføring av seksmannsbustad på gbnr 137/188 gitt i vedtak datert 05.07.2016. Det vert søkt om å endra plasseringa av bygget i horisontalplanet, 0,6 meter mot aust. Bygget er etablert slik det no vert søkt om.

Det vert elles vist til søknad motteken 01.08.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 01.08.2017 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato, dvs 22.08.2017.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for for Alverflaten gbnr 137/188 med arealplan-ID 1263-201111 er definert som byggeområde for konsentrerte småhus (B1).

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Ansvarleg søkjar har gjort greie for følgjande når det gjeld varsling av tiltaket:



Endringa er nabovarsla i samsvar med naboliste frå Lindås kommune. Ansvarleg søkar har vurdert tilhøva slik at kun utvalde naboar, dei som vert berørt av endringa, trengde varslast, jf. Pbl. § 21-3 andre ledd. Statens vegvesen og Lindås kommune som eigarar av høveleg Gbnr. 137/608 og 137/351 er ikkje varsla, då endringa er av liten art og i tråd med plan.

Det ligg ikkje føre merknadar til endringa.

Kommunen legg ansvarleg søkjar si utgreiing til grunn og vil ikkje krevja ytterlegare varsling av tiltaket.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 19.03.2015 med revisjon datert 30.06.2017.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Plasseringa av bygget i vertikalplanet er uendra og som godkjend i løyve datert 05.07.2016.

Vatn og avløp (VA)

Inga endring i forhold til tidlegare godkjend tiltak.

Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Inga endring i forhold til tidlegare godkjend tiltak.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassering og avkøyrsløp.

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.03.2017 med revisjon datert 30.06.2017, jf pbl. § 29-4 og SAK § 6-3.
2. Andre vilkår som er sett i løyvet av 07.08.2016 gjeld.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 15/4149

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS
Bolig & Eiendom AS

Postboks 103 5291
Stølen 26 5911

VALESTRANDSFOSSEN
ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN

